

HYRDINGEN



Nr. 4

August/september 2023

ÅRGANG 65

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

Misjonsfamilie frå Skjold

Sjå side 4



Delta i kyrkjevalet 11.9.
Sjå side 6–10

Presten har ordet	s. 2	Minneord Sjur Inge Stødle	s. 5	Gudstenestelista	s. 14
Takk frå vikarpresten	s. 2	Ny sokneprest	s. 5	Frå kyrkjeboka	s. 14
Redaksjonspennen	s. 3	Kyrkjevalet 2023: Kandidatane	s. 6-10	Møte og kunngjeringar	s. 15
Min song	s. 3	Musikk i sommar	s. 11	Trusopplæring hausten 2023	s. 16
Då lo eg...	s. 3	Konsert i Vikebygd	s. 12		
Misjonærar frå Skjold	s. 4	Dåpskjolar utstilling	s. 12		



Presten har ordet

Av Sigfred Sørensen, vikarprest



Til glede for Gud og menneske

Slik vart Jesu liv omtala: "Til glede for Gud og menneske". Men dette er også eit godt program for våre liv som kristne.

Vi er til glede for Gud! Vi høyrer atterklangen frå englesongen over Betlehemsmarkene: "Blant menneske Gud har glede i".

Korleis er vi til glede for Gud? Det er gjennom tru, tilbeding og teneste.

Som kristne ynskjer vi å ha eit nær tilhøve til Jesus Kristus, gjennom tru på han som er vår Frelser og Herre, gjennom tilbeding og lovprising av kjærleiken som er sterkare enn døden, og gjennom dagleg omvending og etterfylgning. Dette er kallet som møter oss alle! Slik er vi til glede for Gud! Det er eit program som handlar meir om å vera enn å gjera!

Lever vi nær Jesus, vil vi også verta til glede for menneske.

Alle har behov for å bli sett, omfamna og utfordra. Skal vi som kyrkje lukkast i vår teneste for verda, må vi

være rause og tydelege, slik at dei vi er sett til å tena, merkar at vi er glade i dei!

Det er mange i vår tid som lengtar etter levande fellesskap – gjennom gudstenester som rører ved oss og engasjerer, gjennom nære relasjonar i smågrupper og foreiningar, gjennom meningsfylte oppgåver der evner og nådegåver blir tatt i bruk.

Nå stundar hausten til, og arbeidet i kyrkjelydane tek til for fullt. Og i september skal vi velja nye sokneråd som skal bera arbeidet vidare. Vi kjenner oss stundom fattige på frimod og kraft, og nokre stader er flokken som samlast i kyrkje og bedehus, heller liten. Men det er nettopp dei som er små og veike i seg sjølv, Gud kan bruka!

Vi trur at Gud rike skal veksa her i Vindafjord, ikkje på grunn av oss, men på grunn av Jesu nåde! Til glede for Gud og menneske! Du er velkommen med på laget!

Sigfred Sørensen, vikarprest.

Takk frå vikarpresten

Av Steinar Skartland

Vegard Tysseland, teologistudent frå Menighetsfakultetet i Oslo, var vikarprest i Vindafjord ein måned i vår. Siste dagen kom han på kyrkjekontoret i Skjold med blomsterbukett og eit takkekort, fortel kyrkjuverje Inghart Lasse Tveit. Kortet hadde fylgjande helsing:

"Til gjengen i Vindafjord. Tusen takk for fire flotte uker her! Det har vært utrolig fint å jobbe sammen med dere. Og en spesiell takk for at jeg ble så godt ivaretatt. Det har vært en sann fryd.

Ønsker dere alt godt videre. Gode ønsker fra Vegard Tysseland"

Vegard fortel av han har gjort ferdig 3 år av teologistudiet og har tre år igjen før han er ferdig. Målet er å bli sokneprest. Sjølv om han er frå Sandnes, så hadde han ikkje tidlegare vore i Vindafjord. Dette var første vikariatet og det var deilig å få jobba med andre og meir praktiske oppgåver enn studiene. Han hadde gudstenester i både Vats, Ølen og Sandeid der det også var to dåpar. I tillegg hadde han gravferd i Bjoa og andakt på sjukeheimen, og understrekar igjen at det var flott å få dette ansvaret og vart godt ivareteken her under tenesta.

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

Sommaren er over og fargane skifter frå grønt mot gult og brunt. Denne hausten er det skifte i kyrkjene òg. Du som er 15 år i år, eller eldre, får nå lov til å stemma på dei som skal styra arbeidet i kyrkjene våre.

Inne i bladet kan du denne gongen sjå namna på dei som stiller til val i våre lokale sokneråd og til bispedømmerådet (dei deltar også i Kyrkjemøtet). Dei lokale i di bygd, kjenner du. Men kven er desse som skal veljast til Bispedømmerådet? Det er 4 ulike lister og dei kandidatane er presenterte med bilete, namn, alder, yrke og stad. Tre av listene har ein kort presentasjon av «programsakene» dei står for. Den fjerde lista er laga av ein eigen nominasjonskomité, sett saman av representantar for lokale sokneråd og ungdomsråd. Alle har ei lenke til meir informasjon om kva kandidatane står for. Så er det di oppgåve som medlem i Den norske Kyrkja, å velja dei som du ønskjer skal sitja i råda og styra den lokale kyrkja dei neste fire åra.

I år kan du førehandsrøysta digitalt også. Skann QR-koden på side 8 med telefonen din, så er du i gang.

Så gler me oss over at vi har fått ein ny sokneprest som har takka ja til teneste i Vindafjord, og takkar dei erfarne prestane som er vikarar fram til nye er på plass. At kyrkja er viktig for folket ser vi gjennom gode deltakingar på mange gudstenester og konsertar lokalt. Velkommen skal du vera til å delta.

Fellesforum på «Kyrkjetunet»

Info: Ole A. Aadland, Kyrkjetunet

Torsdag den 28. september kl. 19.00 er me igjen klar for «Fellesforum» på «Kyrkjetunet» i Ølen. Som vanleg er det Ølen NMS som står som tilskipar. Denne kvelden har me fått med oss Bjørn Steinar Hauge som kåsør. Som rektor-son på Lundeneset hadde han både barne- og ungdomsår i Ølensvåg/Ølen, og det er mange som no ser fram til å møta han igjen. Som vanleg vert det matøkt og ein minibusar, med påfølgjande kveldstankar og fellessong.

Min song

Omtale ved Kristin Sandvik



Kristin Sandvik bur i Skjold. Ho flytta frå Stavanger for 3,5 år sidan etter midlertidig å ha vore heime hos faren, gamlepresten, dei 4 siste åra han levde. – Det at eg trivst veldig godt i bygda gjorde at eg flytta, seier Kristin som er utdanna diakon og sjukepleiar. Ho har i 30 år arbeida ved barneavdelinga på universitetssjukehuset i Stavanger.

Foto: Helge Johan Stautland

– Eg vart så glad då eg vart spurt om å skriva om min song, fortel Kristin. Songen: "Takk at du tok mine byrder", skriven av Trygve Bjerkrheim, blei veldig spesiell for meg i ungdommen. Vi song den i koret til Unges Misjon i Oslo. Ein tidleg sommarkveld på 80-talet hadde vi semesteravslutning i ein hage oppe på Grefsen, og mens vi song denne songen grep den meg sterkt. Den talte om mitt liv og Jesu verk for meg.

– Trygve Bjerkrheim var eg så heldig å få bli kjent med. Ein utruleg audmjuk og varm person som har formidla Guds ord gjennom ca. 15 000 songar og dikt. Det siste verset har eg bedt om å få i mi dødsannonse som eit siste vitnesbyrd og helsing.

Takk at du tok mine byrder

Tekst: Trygve Bjerkrheim

Takk at du tok mine byrder, eit høggjell av skuld og av skam. Du bar det på skuldrene dine, du skuldlause, sonoffer-lam.

Takk at du bar mine synder, betalte mi skyhøge skuld. Med blod frå ditt fullkomne hjarta, og ikkje med sylv eller gull.

So vil ved korset eg standa, med undring eg ser: Eg er fri! Eg skal ikkje døy, eg skal leva med Jesus til æveleg tid.

Då lo eg...



Håvard Tveit (foto privat).

Dagens historie er sendt inn av Håvard Tveit. Han bur på Tonjen i Vikebygd, saman med kona Iselin og dei tre borna. Håvard er røyrlleggjar og speidarleiar, og ein kar med godt humør. Han har mange års røymsle frå basarar, og denne historia er kanskje prega av dette?

For lenge sidan var det ein kar frå Vikebygd som skulle setja gadn og fekk ein god fangst. Det var alt for mykje for han sjølv å setja til livs, så han ville ut for å sjå om

han kunne få seld unna noko av fangsten sin. Då han hadde gått eit langt stykke, fekk han sjå ein skjoldabu som kom gåande med noko under armen. Då han kom nærare gjekk det opp for han at skjoldabuen hadde ein velfødd liten gris under armen. «Kvar fekk du tak i den?», spurde vikebuen. «Eg vann han på basar», svarta grisen. Torstein Stuhaug blir utfordra til neste "då lo eg".

Misjonærar frå Skjold

Tekst: Gunnar Listog



Familien (Lygre) Strømme: Egil (39), Margunn (36), Samuel (9), Jonatan (9), Filip (4). Misjonsoppdraget deira er knytt til orda som står i Jeremias 29.11: For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukke tankar. Eg vil gje dykk framtid og von. (Foto motteke frå familien)

I august reiser ekteparet Egil og Margunn (Lygre) Strømme saman med gutane sine, Jonatan og Samuel på 9 år og Filip på 4 år ut som misjonærar. I fyrste omgang skal dei vera i Nairobi i Kenya i 3 år. Organisatorisk reiser dei ut for NLM (Misjonssambandet), men dei reiser òg på vegne av kyrkjelyden i Skjold. Dette vart markert ved gudstenesta 11. juni.

Misjonstradisjon

Skjold har alltid vore ei misjonsbygd. Det synleggjer ikkje minst dei mange misjonsforeiningane som opp gjennom tidene har gjort misjonsutfordringane levande. Misjonærar har òg reist ut herifrå. Me kan nemna Inger Johanne Tveit (g. Stangeland) som var misjonær på Madagaskar og Erik Frøyland, misjonær i Japan. Trygve Sandvik,

misjonær i Japan, bør òg nemnast i denne samanhengen. Så familien Strømme er i godt selskap.

Ein annleis kvardag

Margunn, som er fødd og oppvaksen i Skånevik, er utdanna lærar, og har i ei årrekke arbeidd ved skulen i Skjold. Egil kjem frå Sauda, er utdanna elektrikar, og har hatt arbeidskvardagen sin i Nordsjøen. Men oppveksten hadde han ikkje berre i Sauda. Dei ni fyrste leveåra hadde han i Bolivia, der foreldra var misjonærar. Det var gode barneår, fortel Egil. Kanskje det var spira til det kallet dei no skal gå inn i?

I Nairobi skal Margunn arbeide som lærar ved den norske skulen. Egil skal i fyrste omgang vera assistent med ulike arbeidsoppgåver ved den

same skulen. Gutane kan dyrke dei same fritidsinteressene sine der nede: spela fotball, sykle, bygge med Lego, lesa og høyre på bøker, så det vert fint. Men samla sett vert livet likevel annleis, utfordrande og spanande.

Kontakt

Skjold som kyrkjelyd satsar på å halda god kontakt med familien: Dei vil vera med i den faste forbøna, og det vil vera faste ofringar til arbeidet dei er del av. Motsett vil me få del i deira kvardag, mellom anna med «brev» i Hyrdingen.

Eit tomrom

Aktive menneske let alltid etter seg tomrom som må fyllast. Margunn har vore med i soknerådet, søndagsskulen og KRIK, Egil mellom anna i KRIK. No går desse stafettpinnane til andre i kyrkjelyden.

Minneord Sjur Inge Stødle

Tekst: Trygve Sandvik
Foto: Steinar Sørhus

I sist nummer av Hyrdingen var eit stykke om opninga av Arken. Det nye bedehuset/soknehuset i Vats. I referatet stod det mellom anna eit bilete av Sjur Inge Stødle med tekst under der det gjekk fram at han hadde arbeidd iherdig heilt sidan starten for å få reist eit bedehus/soknehus for heile bygda.

19. juli, 2 ½ månad etter innviinga, kom den triste meldinga at Sjur Inge var død, 77 år gamal. Nokre få dagar i førevegen vart han råka av hjernebløding, og livet stod ikkje til å redda. Attende sit familien i stor sorg over ein kjær mann, far, svigerfar og bestefar.

Sjur Inge la ned eit stort arbeid for reising av det nye bedehuset/soknehuset. Han var pådrivar og formann frå starten av og i mange år framover. Det var ei glede for han



Sjur Inge Stødle.

å sjå at verket hans vart fullført. Dei mange styremøta og avgjerdene vitna om eit stort engasjement. Trass i motgang og problem i arbeidet hadde Sjur Inge målet klart: Å få til eit bedehus/soknehus for heile bygda, til glede og oppbygging for dei komande generasjonane. Som lærar med arbeidsstad mellom born og unge såg han trongen for å spreia kunnskap om den kristne

bodskapen, og han understreka ofte at det var for dei unge det var viktigast å få ein samlingsstad.

I dei seinare åra trappa han ned noko av ansvaret med bygginga, men han var likevel med i det som skjedde, og han stod på like til innviinga.

Sjur Inge var ikkje berre oppteken med å få til eit nytt bedehus/soknehus. Sidan han kom til Vats i 1971 var han engasjert i kristeleg arbeid i ei eller anna form, og særleg på Kårhus bedehus la han ned mykje arbeid i form av styreverv, tilstellingar og andre oppgåver. Det må nemnast at han i lengre tid var kasserar for bedehuset. Han var også med i soknerådet, og som kontaktperson for Normisjon var han med i ei årrekke. Han var oppteken av at evangeliet om Jesus, frelsaren, måtte koma ut blant folk anten det var på bedehuset, i kyrkja eller ute på misjonsmarka.

Saknet etter Sjur Inge er stort. Sjølv sagt er dette størst for den nære familien, men alle vener og folk i bygda vil kjenna på saknet av ein omsorgsfull og velmeinande person. Me vil lysa fred over minnet etter Sjur Inge. (Sjå også s.13).

Torgeir Veia tilsett som ny sokneprest

Av Steinar Skartland



Torgeir Veia på kyrkjetrappa i Vikebygd (foto privat).

Torgeir Veia har takka ja til tilbodet om stilling som sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd. – Det er eg glad for å kunne kunngjere, skriv prost Rune S. Engedal i e-post.

Dei siste månadene har det ikkje vore fast tilsette sokneprestar i dei 8 kyrkjene i Vindafjord. Tenestene har vore godt utført av vikarprestar, medan dei tre stillingane var utlyste. Prosten fortel vidare at Linda Aune Aurdal har takka ja til stillinga som prostiprest. Ho har delvis fødselspermisjon ut året, men henne vil kyrkjelydane bli kjende med etter kvart.

Torgeir Veia (55) som er busett i Åkrehamn, har i mange år vore sjømannsprest i m.a. Dubai, Sydney og nå sist på Tenerife. Han peikar på at Sjømannskirken som organisasjon også har lokal sjømannsforeining i Vikebygd. Før

tenesta på Tenerife var han kapellan i Vår Frelses kyrkje i Haugesund i ni år og under pandemien var han vikarprest i Skjold, Vats og Vikebygd nokre månader, så han kjenner godt området og kyrkjene her.

Kva fekk deg til å søkja stilling her? – Litt tilfeldig, men når det var ledig stilling nær der eg har heimen min så fekk eg lyst å søkja, seier Torgeir, som gleder seg til å ta til i stillinga med innsettingsgudsteneste 26. november, ei lita veke etter at han har siste arbeidsdag på Tenerife. Tenesta der framhevar han med glede, som gøy og innholdsrik med mykje musikk, andaktar, vigslar og gode møte med folk. Nå ser han fram til litt breiare teneste. Spesielt ungdomsarbeid, det å jobba med konfirmantar, samarbeid med folket lokalt i alle fasar av livet, og å laga gode gudstenester og gudstenesteliv. Kontorstaden blir i Skjold, men med noko heimkontor.

Kyrkjevalet 2023

Tekst: Steinar Skartland

Det er kyrkjeval måndag 11. september 2023, på same tid og stad som kommunevalet. Medlemmer i den norske kyrkja kan røysta ved kyrkjevalet frå det året dei fyller 15 år. Når du brukar røysta (stemma) di, er du med på å forma kyrkja for framtida.

Slik røystar du – fysisk og digitalt

I kyrkjevalet kan du førehandsrøysta enten digitalt eller fysisk; eller du kan røysta ved oppmøte på sjølve valdagen.

Førehandsrøysting kan du gjera digitalt frå 10. august ved å gå inn på: **kyrkjevalet.no**, eller ved at du møter opp personleg på kyrkjekontoret i Skjold kyrkje. Her er ope for å levera di røyst kvar yrkedag i kontoret si opningstid. 31. aug. førehandsrøysting lokalt i alle prestegjeld. Ta gjerne kontakt på: tlf.: 977 64 146 / 53 65 57 96.

Det blir òg sett opp førehandsrøysting på gudstenester i kyrkjer (i ditt eige sokn) og ambulerande røysting tysdag til fredag siste veka før valet. Meir info om dette finn du på: **vindafjord.kyrkjer.no** og ved lokal kunngjering av gudstenestene.

Nedanfor ser du oversikt over kandidatane som er nominerte til dei ulike sokna.

Lister til Soknerådsvala i Vindafjord 2023

Felles sokneråd for Skjold, Vats og Vikebygd

Her skal veljast 4 medlemmer frå Skjold, 4 frå Vats og 2 frå Vikebygd + vararepr.

Vikebygd sokn

1. Arne Tveit 1962
2. Ingrid Mathilde Sørvåg 1959
3. Inger Kathrine Sundve 1967
4. Dagfrid Nagel-Alne 1965

Vats sokn

1. Steinar Sørhus 1953
2. Malin Eidhammer Krakk 1987
3. Iren Eike 1971
4. Jan Ove Gjil 1974
5. Kjell Sigmund Bakke 1957
6. Marit Synnøve Frantsen 1975
7. Per Arvid Fatland 1956

Skjold sokn

1. Sunniva Tveit Gregersen 1991
2. Magnor Eidsheim 1972
3. Karianne Dagsland 1989
4. Ingrid Tveit 1987
5. Ellen Marie Andersen 1987
6. Annhild Mortveit Sundfør 1993
7. Norleif Fjeldheim 1955

Ølen og Bjoa sokn

- Faste repr.: 8 + vara
1. Gunda Berge 1957
 2. Bjørn Asgeir Lunde 1970
 3. Roald Sandsgård 1977
 4. Sindre Skålnes Sandsgård 2003
 5. Torunn Hadland Susort 1970
 6. Elin Thorsen 1964
 7. Marvel Windsand Åsebø 1955
 8. Ola Endre Alne 1950

Sandeid sokn

- Faste repr.: 6 + vara
1. Tore Tokheim 1961
 2. Harald Olav Stuhaug 1960
 3. Inger Synnøve Bakkevoll 1954
 4. Øystein Helgeland 1953
 5. Hilde Kvinnesland 1982
 6. Grethe Hustvedt Lærdal 1965
 7. Anne Iren Wenche Aarak Reime 1965
 8. Eirik Stople 1989
 9. Margun Marit Dåvøy Stople 1964
 10. Rannveig Obrestad 1985

Vikedal sokn

- Faste repr.: 6 + vara. Til soknerådsvalet i Vikedal har ein enda opp med 6 namn. Det er mogeleg for dei som røystar å

leggja til inntil tre namn som dei sjølv foreslår. Dei som får flest namn vert faste medlemmer, deretter kjem namna på varamannsplass. Følgjande namn er sett opp på lista:

1. Anders Ledaal Bjørnstad
2. Norunn Eintveit
3. Torunn Frøyland
4. Leiv Øystein Leifsen
5. Bjørghild Vetrhus
6. Tine Årvik

Imsland sokn

Faste repr.: 6 + vara. Imsland har ikkje lukkast med å setja opp liste. Ved røysting og førehandsrøysting vert nytta blanke lister der kvar som røystar kan føra på tre namn med penn. Dette er også mogeleg digitalt.



Digital førehandsrøysting

Du kan førehandsrøysta digitalt når og kvar du vil, på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Hugs at det er hemmeleg val, så finn deg ein eigna stad før du røystar! Kyrkjevalet er to val. Val til sokneråd og val til bispedømmerråd og Kirkemøtet. På **www.kirken.no/valg/** kan du lesa meir og sjå ein video om korleis du røystar digitalt, men slik går du frem:



Gå til **kirkevalget.no** og trykk på «Stem digitalt». Logg inn med BankID eller annan elektronisk id.

Du vil få oversikt over kva for val du har røysterett i. Trykk på det valet du ønskjer å røysta i. Merk av røystesetelen til den lista du vil gi di røyst til og gjer eventuelle endringar på røystesetelen.

Du kan levera røystesetelen utan å gjera endringar, eller endre i samsvar med reglane nedanfor. Kandidatar som står øvst på lista med utheva skrift får «stemmetillegg». Alle andre på lista får ei røyst kvar. Du kan gje inntil tre kandidatar «personstemme» ved å setja merke ved namnet til kandidaten. Ved val til bispedømmerråd kan du gje di stemme til inntil tre kandidatar frå andre lister. Ved val til sokneråd med ei liste kan du skriva opp inntil tre valbare personar i soknet.

Sjå over røystesetelen før du stadfestar stemma. Gjenta prosedyren for å røysta i andre val du har røysterett i.



Kirkevalget 2023

Presentasjon av lister til valg av bispedømmerråd og Kirkemøte

Se egen liste til menighetsrådsvalget

Stem i kirkevalget!

Er du en av 3,5 millioner medlemmer i Den norske kirke? Da er din stemme viktig!

HVORFOR STEMME I KIRKEVALGET?

Du støtter kirkens arbeid for fellesskap, glede, livsmestring og mening. Kirken inviterer blant annet til dåp, bryllup, babysang, barne- og ungdomsaktiviteter, kor og konserter.

Du bidrar til å ta vare på vår felles kulturarv, i form av kirkebygg og tradisjoner. Du er også med på å støtte kirkens sosiale arbeid for mennesker i sårbarhet, ensomhet og sorg.

Ved å stemme bidrar du til at kirken er en demokratisk folkekirke.

Valget foregår samtidig med kommunevalget 10. og 11. september. I år kan du også forhåndsstemme digitalt.



I Rogaland stiller hele 46 kandidater seg til rådighet i bispedømmerråds- og Kirkemøtevalget, fordelt på fire lister. Les om kandidatene på de neste sidene.

GODT Å VITE OM VALGET

HVA ER KIRKEVALGET?

Kirkevalget er et demokratisk valg der du kan være med å velge hvem som skal styre Den norske kirke de neste fire årene.

KIRKEVALGET ER TODELT

Det velges representanter til det lokale menighetsrådet og til bispedømmerrådet/Kirkemøtet.

Menighetsrådets hovedoppgave er å forme og utvikle menigheten.

Bispedømmerrådet er kirkens regionale styringsledd i Rogaland. Kirkemøtet er Den norske kirkes øverste organ og består av alle medlemmene i bispedømmerådene, sammen med lederen av samisk kirkeråd.

Les mer om kandidatene til begge valgene på www.kirkevalget.no

HVEM HAR STEMMERETT?

Alle medlemmer i Den norske kirke har stemmerett fra det året de fyller 15 år. Er du døpt og ikke har meldt deg ut, er du medlem i Den norske kirke. Alle medlemmer oppfordres til å stemme! Se ditt medlemskap på www.kirken.no/medlem.

HVORDAN STEMME DU I KIRKEVALGET?

Du stemmer samtidig som du stemmer i kommunestyre- og fylkestingsvalget. Kirkevalget skjer i et lokale rett i nærheten av kommunevalget. Eller du kan forhåndsstemme fra 10. august til 6. september, se din menighets nettsider for sted og åpningstider.

ENKELT Å FORHÅNDSSTEMME DIGITALT!

Du kan forhåndsstemme når og hvor du vil på nett fra 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden eller besøk kirkevalget.no.



Husk at det er hemmelig valg!

BØNNELISTA

Bønnelista vil videreføre den kristne tro og tradisjon som Den norske kirke har vært tuftet på siden reformasjonen. Bibel og bekjennelse – er og skal være kirkens grunnlag. Den norske kirke skal være en del av Guds synlige kirke på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre.

Bønnelista vil arbeide for aktive, levende og lokalstyrte menigheter med ledere som lar seg lede av Den hellige ånd, og som søker Gud i bønn og tilbedelse. Vi har tro på fornyelse og vekkelse i bispedømmets 90 sokn!

Bli kjent med kandidatene på www.bonnelista.no



Magne Hersvik

f. 1954, Stavanger
Daglig leder



Ragna Ristesund Hult

f. 1954, Stavanger
Pensjonert kateket



Gerd Håland

f. 1965, Figgjo
Ufør



Birgit Johanne Skåland

f. 1947, Moi
Pensjonert rektor



Olav Magnus Lundø

f. 1955, Hauge i Dalane
HMS-rådgiver



Tor Kjell Mosaker

f. 1952, Veavågen
Pensjonist



Tora Himle Holta

f. 1998, Tau
Veterinærassistent



Jonathan Siemen Særvoll Heidema

f. 2000, Tau
Student



Anne Berit Erfjord

f. 1941, Moi
Pensjonist

FRIMODIG KIRKE

Frimodig kirke ønsker en kirke som er trofast mot Guds ord, åpen og evangeliserende. Målet er å nå dagens mennesker med evangeliet og utruste til å følge Jesus i hverdagen.


Kirken blir bygget nedenfra og gudstjenestene er pulsslaget. Vi vil gi den lokale menighet større ansvar, redusere sentralstyring og byråkratisering og gi rom for menigheter med ulik profil.

Vi vil stimulere til levende fellesskap med nærhet til Jesus og nærhet til mennesker. Vi ønsker å styrke arbeidet med søndagsskole og trosopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid.

Vi vil bidra til trygge og sunne rammer for barn og unge i en grenseløs tid.

Når det gjelder styringen av kirken, ønsker Frimodig kirke å endre valgordningen i kirken bort fra et polarisert partisystem.

En nærmere presentasjon av kandidatene våre i de ulike bispedømmer finnes på www.frimodigkirke.no




Therese Egebakken

f. 1998, Hafersfjord
Student



Knut Alfvåg

f. 1955, Stavanger
Professor



Terese Bue Kessel

f. 1961, Sola
Studieleder



Kristin Øverland

f. 1980, Stavanger
Ufør



Bjørn Stornes

f. 1968, Tananger
Lagermedarbeider



Marit Karin Alsвик

f. 1953, Hafersfjord
Pensjonist



Tobias Lien

f. 1996, Stavanger
Student




Kristine Brunvathne Bjerkestrand

f. 1984, Hundvåg
Rådgiver



Anne Brit Ree

f. 1955, Bryne
Pensjonist



Geir Skeie

f. 1954, Stavanger
Professor



Arvid Bø

f. 1949, Randberg
Pensjonist



Camilla Mariann Skjældal Cazon

f. 1996, Randberg
Student



Beate Steinsvik Jansen

f. 1994, Fogn
Vikar



Brit Nelly Ness Tveit

f. 1962, Vikebygd
Familieterapeut



Haldis Karine Nilsen

f. 1958, Jøsenfjorden
Plan/forvaltningssjef



Atle Blomgren

f. 1970, Stavanger
Seniorforsker



Magnar Hole Polden

f. 1999, Tau
Dataelektroniker



Janne Birgitte Ueland

f. 1997, Lye
Arealplanlegger



Willy Finnbakk

f. 1958, Bryne
Bonde

Kirke- valget 2023

 1	Helene Breivik Hellerdal f. 1983, Haugesund Adjunkt	 10	Trygve Andre Meyer f. 1975, Stavanger Klyngelider
 2	Dorrit Vignes f. 1984, Finnøy Kvalitetsleiar	 11	Camilla Blitzner-Tengesdal f. 1988, Egersund Prosjektmedarbeider
 3	Arne Jon Myskja f. 1952, Nedstrand Rådgiver/pensjonist	 12	Arne Tjelle f. 1955, Haugesund Pensjonert vernepleier
 4	Eirik Faret Sakariassen f. 1991, Stavanger Folkevalgt	 13	Hannah Preston f. 1998, Haugesund Student
 5	Marianne Meling Kvamsøe f. 1994, Sandnes Bioingeniør	 14	Jan Hauge f. 1964, Stavanger Adm.leder
 6	Geir Helge Waaler f. 1982, Stavanger Fastlege	 15	Solveig Merete Gjertsen f. 1964, Stavanger Fagutviklingspsykeleier
 7	Tove Kvamme Kvalevåg f. 1975, Stavanger Familiekoordinator	 16	Per Melvær f. 1962, Karmøy Sjulepleier
 8	Finn Alexander Johnsen Clementsen f. 1977, Haugesund Barnehagelærer	 17	Gyrid Espeland f. 1953, Egersund Pensjonist
 9	Hanne Randulff Stein f. 2000, Tananger Student	 18	Morten Hamra f. 1996, Sandnes Student

ÅPEN FOLKEKIRKE

Siden starten i 2014 har Åpen folkekirke bidratt til at Den norske kirke har blitt mer åpen for et mangfold av mennesker med ulike livserfaringer. Vi har blant annet sørget for at også likekjønnede par skal kunne gifte seg i kirken sin.

Åpen folkekirke ønsker en kirke hvor hele livet kan leves og alle skal kunne kjenne seg velkomne, bli sett og bekreftet. Kirken har ikke A- og B-medlemmer – dåpen er eneste medlemskriterium.

Åpen folkekirke vil at kirken skal videreutvikles som en åpen, inkluderende og demokratisk folkekirke. Vi vil arbeide for å styrke folks tilhørighet til kirken, slik at den kristne troen holdes levende og får betydning for den enkelte.

Kirken skal være åpen for alle, fremme menneskeverdet og motarbeide diskriminering.

Les hele programmet vårt her
www.apenfolkekirke.org

Den norske kirke er Norges folkekirke med 3,5 millioner medlemmer. Med over 75 000 frivillige, 8000 ansatte og 1600 kirkebygg er kirken til stede i hele landet.

Kirkevalget 2023

Layout: Martha - enkelt og greit - 4167 2011

Musikk i sommar

Tekst og foto: Steinar Skartland

I Vikebygd vart det arrangert musikk gudsteneste og fleire konsertar i kyrkja i sommar. Mange lokale krefter var i aktivitet i tillegg til Gunnar Inge Eide med familie som stilte opp med konsert i kyrkja 2. juli etter at dei hadde hatt slektssamling i Tonjen. Den flotte musikken kan vi ikkje dela gjennom Hyrdingen, men nokre bilete viser litt av dette. Det var også flott musikkarrangement i Vats, som vi kjem tilbake til i neste nummer.



Willy Ludvigsen, dagleg leiar i MAF Norge, var talar på Vikestølsmøtet og fortalde om ei oppvekst i familien ute på misjonsmarka i Bolivia, der faren var pilot som dreiv hjelpearbeid for MAF. Han viste seg å vera ein dyktig musikkar som delte både song og musikk på stemnet som samla over 50 personar på Vikestølen, på fjellet mellom kyrkjesokna Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og Vats. Møta er ein årleg tradisjon her, heilt frå år 1900.



Rune Eide, saman med Gunnar Inge Eide og kona Caroline Eide, som begge to er organistar og har gjort teneste i hv. Vindafjord og Etne for ein del år tilbake. Dei glede oss med konsert 2. juli.



Dagen for ei gudsteneste utandørs kunne ikkje vore betre. Søndag 4.6. var 45-50 sessa på campingstolar i parken ved kyrkja. Sigfred prest forretta gudstenesta. Arne og Caroline spela til, ungdommar deltok med tekstlesing og muffens til kyrkjekaffien. Og vi kunne nyta flott song av Ingebjørg Susort Velde. Etterpå gjekk fleire familiar ei orienteringsløype og nokre få hadde teke med grillmat for å ta middagen i grillhytta. Litt brunare vart vi av å sitja der i sola på kyrkjebakken.



Tom Roger Aadland framførte både egne songar og gjendikta Bob Dylan låtar i gudstenesta 2. juli og for ei fullsett kyrkje i konserten like etterpå. Elles deltok: Lina Fisk Eide, Rune Jostein Eide, Arne Tveit, Iselin E. Tveit, Anne Marte Norheim Tveit, Jakob Lunde, Peter Eide, Ingrid Tveit, og Håvard Tveit i tillegg til Gunnar Inge og Carolin Eide. Konserten var gratis, men dei som møtte kunne gje ei gåve til nytt lydanlegg i kyrkja, fortalde Ingrid Mathilde Sørvåg.

Konsert med Styve Brass i Vikebygd

Førehandsomtale

Sundag 17. september bør ein ta turen innom Vikebygd kyrkje, klokka 17 den dagen er det konsert med Styve Brass, familieorkesteret frå Evanger.

Dei skal på turné på Vestlandet og tek turen innom Vikebygd kyrkje, grunnen til at dei tek turen innom Vikebygd er at dei har tilknytning til bygda. Dei har band til Buholmen, som enkelt sagt ligg mellom Ulvebne og Skjeljavikjø. Med ei besetning på ni blåsarar musiserer både søsken, onklar og tanter, born og foreldre ilag. Orkesteret har naturlegvis lang fartstid, men vart namngitt i 2018, og har sidan då spelt med blant anna rockabilly-bandet Twang Gang, Heine Totland og Tore Brunborg.



Styve Brass (foto privat).

Vokalsolistar med på turnéen er søstrene Anne og Tora Daugstad Wik frå Byneset utanfor Trondheim. Dei har begge utdanning i klassisk song frå Griegakademiet i Bergen, Musikhøgskulan i Malmö og Kungliga Musikhögskulan i Stockholm. Eit slikt kjennskap mellom to musikkfamiliar er noko unikt, så det er noko som kan vere verdt å oppleve! Med berre norsk musikk, vil konserten vise både kjende og kjære, men også gøymde skattar frå vår musikalske nasjonalarv. For anledninga har arrangørar frå



Søstrene Anne og Tora Daugstad Wik.

eigne rekkjer laga heilt nye arrangement av songane kledd i brassdrakt med herleg klassisk song på toppen.



Dåpsplagg, sydd av Anny Gulbrandsen. Foto: I.M. Sørvåg.

Dåpskjolar Utstilling i Skjold kyrkje

Info ved: Ingrid Mathilde Sørvåg

Soknerådet i Skjold og Vikebygd ynskjer å ha fokus på dåp, og me har i Hyrdingen og på Facebook spurt om det er nokon som har dåpskjolar å låna oss. Me har fått låna ganske mange kjolar, og fredag 15. september opnar dåpskjoleutstillinga i Skjold kyrkje. Den blir hengande til sundag 24. og i den tida dåpskjolane er utstilte blir det høve til å komma og sjå dei. Me vil også visa forslag til korleis ein kan dekkja bordet til dåpsfesten.

Onsdag 20.9. blir det møte kor prest Sigfred Sørensen skal snakka

om: «Dåp i 2000 år». Laurdag 23.9. blir det familiesamling med fokus på dåp, «syng med oss» og pizza. Sundag 24.9. er det gudsteneste, kanskje med dåp?

Soknerådet håpar at mange tek turen til Skjold kyrkje denne tida, både for å sjå utstillinga og for å delta på eit eller fleire av arrangementa. Følg med på plakatar, og i Grannar for å få fersk info.

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Vi er en del av **NLMVGS**

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-BANK

Haugesund Sparebank

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www olenbetong.no)

Ølen auto

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Minneord Sjur Inge Stødle

Tone: Nærmere deg min Gud. Tekst: Jørgen Johannes Landa, 22.7.2023.

Kva er det som har skjedd
Sjur Inge er død
Døden si kappe breidd
Der i dødens skjød
Me må kondolera
Aldri kan anna gjera
Me er med i sorga dykk
Med dei mange sukk

Han var i mellom oss
Rørig og frisk
Arken i mykje stoss
Tok så stor ein risk
Arken kom opp og er
Underet som me ser
Onsdagsmøta me fann
Hjå Sjur Inge løysing rann

No han i Paradis
Funne seg har
Der no på engleviss
Gleda funne har
Takk, takk for strevet godt
Du fekk det meste gjort
Onsdagsmøta på plass
Vårt så stort palass

Så skal me møtast att
Heime hjå Gud
Der har me våres skatt
Kring dei gode bud
Som gjev det lyset som
Gjer at me høyrer kom
Kom kom til Golgata
Til ditt Gabbata

Dato	Tid	Stad/kyrkje	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
02.09.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste m.konfirmasjon; Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 25,14-30
03.09.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste; Takkoffer: Det norske Misjonsselskap	Matt 20,1-16
03.09.	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste; Konf.presentasjon; Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Matt 20,1-16
10.09.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste; Konf.presentasjon, Hausttakkefest; Takkoffer: Sambolabo	Matt 5,38-48
10.09.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste; Konf.presentasjon; Takkoffer: Hyrdingen	Matt 5,38-48
10.09.	13:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste; Konf.presentasjon; Takkoffer: Hyrdingen	Matt 5,38-48
24.09.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste; Hausttakkefest, Konf.pres. Utstilling dåpskjolar; Takkoffer: Sambolabo	Joh 11,17-29 og 30-46
24.09.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste; Gullkonfirmantar og 4-åringar; Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Joh 11,17-29 og 30-46
01.10.	11:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste; Hausttakkefest. Gullkonfirmantar. Konf.pres.; Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Matt 8,14-17
01.10.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste; Gullkonfirmantar; Takkoffer	Matt 8,14-17
08.10.	11:00	Arken, Vats	Gudsteneste; Felles gudsteneste for Skjold, Vats og Vikebygd; Takkoffer: Hyrdingen/Arken	Matt 5,20-26
15.10.	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste; Takkoffer	Joh 11,1-5
15.10.	13:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste; Takkoffer	Joh 11,1-5
22.10.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste; Felles gudsteneste Skjold, Vats og Vikebygd; Takkoffer: Sundagsskulearb.	Matt 22,15-22
22.10.	16:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste; Fam 4-åringar; Takkoffer	Matt 22,15-22
29.10.	11:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste; Takkoffer	Luk 13,22-30
29.10.	13:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste; Takkoffer	Luk 13,22-30

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde
Ølen	18.06.2023 Peder Mosdal 18.06.2023 Tuva Hiksdaal Laurhammer 18.06.2023 Amelia Grindheim-Toadalen	14.06.2023 Karl Berge f. 1954 24.06.2023 Ole Hallberg f. 1961 22.06.2023 Aleksander Kolås f. 1987 15.07.2023 Gerd Beate Oftedal Øren f. 1942 25.07.2023 Sigmund Berge f. 1941 27.07.2023 Oddvar Krakk f. 1955
Sandeid	11.06.2023 Tuva Lærdal Berge 16.07.2023 Emilie Nordtveit 16.07.2023 Maren Kaldheim 06.08.2023 Hugo Siglen Hummervol	20.05.2023 Annlaug Vestbø f. 1944 15.06.2023 Leiv Gunnar Økland f. 1949
Vikedal	21.05.2023 Frøya Eikeland Nes 21.05.2023 Eiril Eikeland Nes 21.05.2023 Eli Thuestad	01.06.2023 Harald Johan Leifsen f. 1933 20.06.2023 Kari Torstenbø f. 1924
Vats	28.05.2023 Sondre Svendsbøe 28.05.2023 Hermine Lien 18.06.2023 Lars Larsen Sjurseike (Refsnes)	27.04.2023 Britt Krakk f. 1951 29.05.2023 Magnus Jekteberg f. 1953 28.05.2023 Trygve Haraldseid f. 1932 04.07.2023 Gudrun Sørhus f. 1928
Imsland		15.05.2023 Ida Lise Hustveit f. 1928 30.05.2023 Edvard Imsland f. 1944 19.06.2023 Otto Hustveit f. 1930
Skjold	30.04.2023 Ingeborg Teistedal Haraldseid 30.04.2023 Jakob Eide	25.05.2023 Einar Mortveit f. 1942 26.06.2023 Oddgeir Ragnar Knutsen f. 1953 24.07.2023 Berta Marie Lothe f. 1927
Vikebygd		01.05.2023 Borghild Frøvik f. 1928
Bjoa		30.05.2023 Trygve Steinsland f. 1939 29.06.2023 Ellinor Tindeland Bauge f. 1947 12.07.2023 Svein Magne Miljeteig f. 1956

Vigde 20.05.2023 i Vats: Margaret Velde og Arvid Vatland

Vigde 27.05.2023 i Vats: Margunn Terese Nesheim og Dag Gøran Olsen

Vigde 10.06.2023 i Vikebygd: Maria Koltveit og Stian André Gullhaug

Vigde 17.06.2023 i Skjold: Aimee Reistad og Atle Aardal

Vigde 01.07.2023 i Ølen: Veronica Steinste og Aleksander Madsen

Vigde 05.08.2023 i Bjoa: Jone Markoviciute og Marius Basinskas

Kyrkjetunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjetunet.no og Facebook-sida

03.09.	søndag	17.00	Samlingsfest
17.09.	søndag	19:30	Kveldsmøte med Aud Vihovde Hoftun
20.09.	onsdag	19.00	Filmkveld
21.09.	torsdag	18.30	Vindafjord Soul Children (5.-10.klasse).
28.09.	torsdag	19.00	Fellesforum (sjå side 3)
04.10.	onsdag	19.00	"Damenes Aften"
08.10.	søndag	19.30	Kveldsmøte med Indre sjømannsmisjon
18.10.	onsdag	19.00	Oppstart av Chosen 2
26.10.	torsdag	19.00	Fellesforum
28.10.	laurdag	11.00	Vindafjord Soul Children (5.-10.klasse).
29.10.	søndag	11.00	Familiesamling med Lise Marie Litlabø

Bønnemøte: Tirsdagar kl. 19.30
Vindafjord Soul Kids (5-10 år): Torsdagar kl. 17:00: 7.9. + 21.9. + 5.10. + 19.10.
Kurs i Babysong tirsdagar kl. 10.30. 29.8. + 5.9. + 12.9. + 19.9 + 26.9. + 3.10. + 10.10. + 16.10. + 23.10.

Vågen bedehus www.vaagenbedehus.no

30.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
04.09.	måndag	18:00	Informasjonsmøte om nytt bedehus og arbeidet på bedehuset
06.09.	onsdag	19:30	Bønnemøte. (Kick-off julemesse rett etter bønnemøtet).
08.09.	fredag	20:00	Temakveld
10.09.	søndag	11:00	Bygdasenteret: Storsamling. Søndagsskule. Talar: Øyvind Solheim
13.09.	onsdag	19:30	Bønnemøte
17.09.	søndag	19:30	Kveldssamling
20.09.	onsdag	19:30	Bønnemøte
24.09.	søndag	11:00	Bygdasenteret: Storsamling. Søndagsskule. Talar: Eirik Steinsland
27.09.	fredag	19:30	Bønnemøte
04.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
08.10.	søndag	11:00	Bygdasenteret: Storsamling. Søndagsskule. Talar: Martin Ivesdal
11.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
18.10.	onsdag	19:30	Kveldssamling Talar: Per Tveten.
19.10.	torsdag	19:30	Kveldssamling Talar: Per Tveten.
20.10.	fredag	19:30	Bygdasenteret: Kveldssamling. Talar: Per Tveten.
21.10.	laurdag	17:00	Bygdasenteret: Generasjonssamling. Talar: Per Tveten.
21.10.	laurdag	20:00	Bygdasenteret: Kveldssamling. Talar: Per Tveten.
22.10.	søndag	11:00	Bygdasenteret: Storsamling m.søndagsskule. Talar: Per Tveten
25.10.	onsdag	19:30	Bønnemøte
29.10.	søndag	19:30	Kveldssamling Talar: Håkon Garvo

Formiddagstreff: Øvre Vats bedehus

Velkommen til formiddagstreff kl. 11.00–13.00 flg. tysdagar i haust: 5 sept.; 3. okt.; 7. nov. og 5. des.

Møteveker i Vats denne hausten

29.11.–30.11.: Tor Magne og Laila Haraldseid på Øvre Vats bedehus.
5.12.–6.12.: Tor Magne og Laila Haraldseid på Arken, Samemisjonen.
23.11. Eliesser-kveld på Arken kl. 19.00.

Innsamling til Open Heart Ukraina

Den årlege innsamlinga til Open Heart Ukraina i Vindafjord nærmar seg, det er i veke 43: 23.–26. Oktober.

– Me håpar mange har noko å senda. Dei treng det meste. Ting som nå kjem ekstra vel med er: Lommelykter, batteri, fyrstikker, stearinlys og

våtserviettar. Det er lite straum og vatn mange plassar på grunn av krigen, fortel Ingeborg H. Vågen som er lokal koordinator for innsamlinga. Ho tar imot sekker gjennom heile året i Vats. Sekkene vert henta der og ført vidare med lastebilar til Ukraina fleire gonger kvart år. – Me hentar også inn sekker frå Stord som vert med på same transportane, fortel ho og kan vise til bilete og tilbakemeldingar frå dei som har fått hjelp. Dei som har noko dei vil senda betaler kr 50,- pr sekk for transporten. Du kan også gje støtte over VIPPS.

Sekker med de du vil gje kan leverast på:

- Austreimsbygda bedehus måndag 23. okt. kl. 16–20.
- Øvre Vats bedehus tysdag 24. okt. kl. 13–20.
- Vikebygd bedehus torsdag 26. okt. kl. 14–18.

Sjå også annonser i avisa. Kontakt-telefon: 911 81 157.

Bedehusa i Skjold

05.09.	tysdag	19.00	Austrheim: Indre Sjømannsmisjon
06.09.	onsdag	19.00	Ersland: Indre Sjømannsm. BASAR
12.09.	tysdag	19.00	Isvik: NLM Misjonssamband
15.–17.09.	Møteveke i Isvik bedehus:		
15.09.	fredag	19.00	Isvik: Indre Sjømannsmisjon
16.09.	laurdag	19.00	Isvik: møte v/ Tone og Georg
17.09.	sundag	19.00	Isvik: Arne Hansen m/ fleire
19.09.	torsdag	19.00	Ersland: Samemisjonen
21.09.	torsdag	19.00	Austrheim: Israelsmisjonen foreining
26.09.	tysdag	19.00	Austrheim: Flymisjonen
28.09.	torsdag	16–18	Kyrkja: 60+
03.10.	tysdag	19.00	Isvik: Indre Sjømannsmisjon
10.10.	tysdag	19.00	Ersland: NMS Misjonsselskap
17.10.	tysdag	19.00	Austrheim: Normisjon
18.10.	onsdag	19.00	Isvik: Bedehusbasar
21.10.	laurdag	12.00	Ersland: Bedehusbasar
23.10.	måndag	16–20	Austrheim: Innsamling Ukraina
24.10.	tysdag	19.00	Isvik: BE-gjengen Ev. Orientmisjon
26.10.	torsdag	16–18	Kyrkja: 60+
31.10.	torsdag	19.00	Ersland: Israelsmisjonen BASAR

Bedehusa i Vats

30.08.	onsdag		ARKEN møte: Serepta
05.09.	tysdag	11–13	Øvre Vats: Formiddagstreff
06.09.	onsdag		Øvre Vats møte: Godt Nytt
13.09.	onsdag		ARKEN møte: Indre Sjø
20.09.	onsdag		ARKEN møte: Normisjon
27.09.	onsdag		Øvre Vats møte: Lys over Land
04.10.	onsdag		ARKEN møte: NLM. Torvald Kjetilstad og Dagfinn Natland
11.10.	onsdag		ARKEN møte: NMS
18.10.	onsdag		Øvre Vats møte: Normisjon
24.10.	tysdag		Øvre Vats: Innsamling til Ukraina
25.10.	onsdag		ARKEN møte: Lys over Land
26.10.	torsdag	18.00	Møte på Innbjoa bedehus v/Open Heart Ukraina
25.–29.10.	ons.-søn		ARKEN: Møteveke med Steinar Malmin, Indre Sjø

Vikebygd bedehus

08.09.	fredag	18:00	Basar: Normisjon
13.09.	onsdag	19:30	Møte
27.09.	onsdag	19:30	Møte m/Orientmisjonen og BE-gjengen
11.10.	onsdag	19:30	Møte m/Godt Nytt
25.10	onsdag	19:30	Møte m/IMS Kåre Johan Hamre

Møtet med Open Heart Ukraina

Velkommen frå alle bygder til å høyra Halvard Hasseløy fortelja nytt frå Ukraina, på Innbjoa bedehus torsdag 26. oktober kl. 18. Ønskjer du å gje støtte til Open Heart, så bruk: VIPPSnr. 36115 eller kontonr. 7874.06.26220.

60+ i Skjold

Torsdag 28. september startar me opp att 60+ -treff i Skjold kyrkje, kl. 16–18. Prest Sigfred Sørensen kåserer over temaet: I gode og vonde dagar. Det vert andakt, song, utlodding og ei god drøsestund over ein kopp kaffi. Vel møtt til alle over 60 år til interessante og gjevande 60+ samkomer: siste torsdag i september, oktober og november! Arr.Diakonitv. Skjold, Vats og Vikebygd

Trusopplæring hausten 2023

Av kateket Britt Karstensen



Sigrid Oline og mamma Ingvild tenner lys på Krøllesamling i Ølen kyrkje.
Foto: Berit Stople.

Me er i gang med haustsemesteret, og det er tid for å tenne lys for kvarandre igjen, – både fysisk og i overført betydning. Aktivitetstilbodet er stort i dei mange bygdene, og me vil gjerne løfte fram alt det flotte som skjer i regi av ulike eldsjeler og organisasjonar på frivillig basis. Dette er trusopplæring av stor verdi i kvardagane!

Elles blir borna invitert til tidsavgrensa, aldersbestemte tiltak av kyrkja. Alle desse finn ein meir info om + påmeldingslink til på nettsida vår: www.vindafjord.kyrkjer.no.

Først ute er tiltaket «Naturlegvis!» med gardsbesøk for 3.klassingane allereie i månadsskiftet august/september. Så går det slag i slag utover hausten:

- Dei minste er velkomne på «Babysong»
- 2-åringane skal leite etter «Krølle»-lammet som har gått seg bort
- 3-åringane får leike seg gjennom juleforteljinga i «Gudsrikeleiken»
- 4-åringane er «Heime i kyrkja» si og får utdelt flott barnebibel i ei gudsteneste
- 5. klassingane får «Konfirmantbibelen» som dei skal bruke m.a. på vinterleiren i januar
- 6. klassingane feirar kyrkja sin nyårsafta med tiltaket «Lys Vaken» ved inngangen til adventstida
- Og konfirmantane har faste samlingar jamt og trutt fram mot konfirmasjonane til våren

Alt dette er tilbod for alle born i Vindafjord, uansett kor dei bur. I tillegg blir det nokre lokale tiltak i ulike

bygder, m.a. «Supersong» for 3-5 åringar i Sandeid, Vikedal og Imsland + «HalloVen» for 4.-7.klassingane i Ølen, Ølensvåg og Bjoa. Følg med lokalt!

Invitasjonar blir delt ut på skulane eller sendt i posten + delt i sosiale medier der me kan. Veldig flott om føresette kan dele vidare i klassegrupper osv. ALLE er velkomne til å delta, uansett kyrkjetilhørsle.

Me som er så heldige som har dette som jobb gler oss til å bli betre kjend med mange flotte born og unge, håpar mange vil bli med!

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
 **Kirkens SOS**
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 19. oktober

Frist for levering av stoff er
15. september.